



## Referat frå styremøte og styreseminar

**Stad:** Knutholmen, Kalvåg  
**Dato:** Tysdag 14. juni og onsdag 15. juni 2022

Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Hanne Oftedal, styremedlem Arild Bergstrøm, styremedlem Kristin Maurstad, styremedlem Jan Arve Lund, styremedlem Hilde Wiik.

Forfall: Styremedlem Gunhild Berge Stang.  
Varamedlem Hege Lothe var kalla inn, men hadde ikkje høve til å møte.

Styret er vedtaksført.

Frå administrasjonen:

Leiargruppa: Janne Gimmestad, Thomas Walle, Synnøve Bjørset, Tor Martin Leknes, Jan Heggheim, kommunikasjonsrådgjevar Henning Hellebust

### Program:

Tysdag 14. juni vart for det meste brukt til strategiarbeid, dokumentet som er resultatet at dette følgjer referatet.

Første del av møtet vart nytta til ein gjennomgang av roller og ansvar for styret, ved Ingvill Flo, PWC.

Det vart notert to moment som vert følgde opp i andre halvår: **Det gjeld eigenevaluering av styret, og etablering av årshjul i samband med årsplanen**

### Orienteringar i møtet:

Status eventuell konsolidering Jakob Sande – senter for forteljekunst

Status Fellesmagasinet

Status vedtektsendringar

Vamråk Sildesalteri

Lisetbua

Personskade på kystmuseet

Budsjettprosessen 2023

Styreverv i Fjord Norge for adm dir

Nytilsettingar



## Saker til handsaming:

Der vart ikkje registrert inhabilitet i nokon av sakene, styret var difor kompetente til å gjere vedtak.

### **Sak 23/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjend

### **Sak 24/2022 Referat frå styremøte 19. april**

Vedtak:  
Referatet frå styremøte 19. april blir godkjent

### **Sak 25/2022 Rekneskap per 30. april og prognose 2022 (orienteringssak)**

Vedtak:  
**Styret tek rekneskap pr 30. april som viser inntekter på 22 497 000 og kostnader 22 551 000 til etterretning. Førebels resultat er 54 000 kr som er 3 400 000 over budsjett**

### **Sak 26/2022 Nøkkeltal personal (orienteringssak)**

Både kort- og langtidssjukefråvær har prioritet og er under tett oppfølging i MiSF. Korttidsfråvær er synkende, medan det er noko auke i langtidsfråværet per 31.05.22. Samla sett er sjukefråværet over tid no på veg ned igjen etter det nådde ein topp i første kvartal 2022. MiSF lågare sjukefråvær samanlikna med bransjen/samanliknande bransje forøvrig ifølge nasjonal statistikk.




#### Q 1 2022

Type fr�v�er	Fr�v�er i %	(Q 4 2021)
Eigenmelding	3,25	(1,94)
Sjukemelding < 16 dg	1,62	(0,33)
Sjukemelding > 16 dg	1,89	(1,03)
<b>Totalfr�v�er</b>	<b>6,76</b>	<b>(3,30)</b>

#### L pande 31.05.21-31.05.22 (2021)

Type fr�v�er	Fr�v�er i %	
Eigenmelding	2,4	(1,19)
Sjukemelding < 16 dg	1,34	(0,79)
Sjukemelding > 16 dg	2,37	(1,53)
<b>Totalfr�v�er</b>	<b>6,10</b>	<b>(3,51)</b>

#### Utvikling over tid



Vedtak:  
Styret tek orienteringa til vitende

#### Sak 27/2022 Strategiplan

Vedtak:  
Styret tek det framlagde til etterretning og godkjenner dette som grunnlag for vidare prosess.

#### Sak 28/2022 Styreinstruks

NY styreinstruks vert send med referatet

Vedtak:  
Styret vedtek styreinstruks som lagt fram.



### **Sak 29/2022 Fullmaksstrukturar (orienterings sak)**

Vedtak:  
Styret tek orienteringa til vitende.

### **Sak 30/2022 Årsrapport 2021**

#### **Kvifor vert saka fremma:**

Årsrapporten er MiSF si årsoppsummering med tanke på den totale aktiviteten. I motsetning til årsmeldinga (styresak 07/22), gjer vi oss her føre med bilete og illustrasjonar.

#### **Konklusjon:**

Årsrapporten blir lagt fram for styret til godkjenning.

#### **Vedtak:**

Styret godkjenner den framlagde årsrapporten for 2021 som ei god framstilling av aktiviteten i året som gjekk.

### **Sak 31/2022 Eventuelt**

**Styremedlem Arild Bergstrøm stilte spørsmål ved rådet si rolle. Det vart ikkje konkludert i saka.**